

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	Løpenr: 19/8182
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	041/2019

Søknad frå næringsforumet - tilskot til etablering av nettside og digitalisering av aktivitetskart i Samnanger**14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FORM- 041/2019 Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil 20.000 kroner i tilskot til Samnanger næringsforum til oppgradering av heimesida si, og digitalisering av tur- og aktivitetskortet. Tilskotet vert utbetalt frå næringsfondet knt 1400.3251 når utgifter kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort.

Samnanger næringsforum og Samnanger kommune legg opp til eit tett samarbeid framover om både digitalisering og aktivitetar som kan fremja næringslivet i Samnanger.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil 20.000 kroner i tilskot til Samnanger næringsforum til oppgradering av heimesida si, og digitalisering av tur- og aktivitetskortet. Tilskotet vert utbetalt frå næringsfondet knt 1400.3251 når utgifter kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort.

Samnanger næringsforum og Samnanger kommune legg opp til eit tett samarbeid framover om både digitalisering og aktivitetar som kan fremja næringslivet i Samnanger.

Dokument som er vedlagt:

Søknad frå næringsforum om tilskot nettside og digitalisering av kart

Kva saka gjeld: Søknad om 20.000 kroner i tilskot til oppgradering av Næringsforumet sine nettsider, og digitalisering av nytt tur- og aktivitetskort.

Bakgrunn for saka: Nettsida til næringsforumet er ikkjemogleg å logge seg på lenger og treng fornying. Aktivitets- og turkartet som no er ferdig produsert og distribuert. Dette treng digitaliserast, og det er ønskje om ei mobiltilpassa løysing.

Vurderingar og konsekvensar: Samnanger gav eit tilskot på 10.00 kroner i tilskot til papirutgåva av turkartet. Det er nødvendig å få digitalisert kartet og gjort det meir tilgjengeleg. Mobiløysingar med App er mest vanleg som framtidig løysing. Kommunar må og rekne med å ta i bruk dette i større grad når dei skal informere om aktivitetar og informasjon til innbyggjarar og reisande. Næringsforumet ønskjer bruke Google-løysing, som er ei løysing som er mykje brukt og lett tilgjengeleg. Med Google får ein opp til kvar tid kva som er av tilbod der mobil sine koordinatane viser.

Kommunen held og på med å få lagt inn koordinatar for stiane i kommunen i kommunekartet og UT.no. Næringsforumet sitt arbeidet med å digitalisere turaktivitetar er ei endå vidtrekkande publisering av turar i Samnanger, og særskilt positivt i reiselivssamanhang.

Kommunen held og på å lage link på heimesida (les ny heimeside) over ledig bustad- og næringsareal. Ei kopling opp mot næringsforumet sine sider og mobiløysing vil verta ei god løysing. Det er viktig at næringsforumet og kommunen har eit godt samarbeid om innhaldet og vedlikehald av informasjonen som vert lagt ut. Vi har hatt møte med leiar i næringsforumet. Saman ønskjer vi å legge opp til eit tett samarbeid framover om både digitalisering og aktiviteter som kan fremja næringslivet i Samnanger. Eit spleislag og fordeling av oppgåver kan vera ein god start.